

# Voss og omland LOP

Lokallag for kommunane: Aurland, Granvin, Ulvik, Vaksdal og Voss  
under

## LANDSFORBUNDET FOR OFFENTLIGE PENSJONISTER

Internettadresse: [www.lop.no](http://www.lop.no)

---

### Årsmøtet 2018.

Årsmøtet 2018 for Voss og Omland LOP vart halde i Velferdssentralen i Sosialbygget 28. febr 2018 kl. 17.00 – 19.30.

40 medlemmer møtte, i tillegg til foredragshaldar.

Leiar Ragnhild Mølster Lidal ynskte velkommen og orienterte kort om programmet for møtet.

Det musikalske innslaget var ved tre unge jenter som spelte drivande flott musikk på durspel! Dei fortalte at dei hadde spelt saman i 10 år. øvde under leieing av Ingrid Sørheim.

Banksjef Jørund Rong frå Voss Sparebank var kveldens talar. I år er det 175 år sidan banken vart oppretta. Rong tok oss med på ei reise gjennom desse åra. Voss var ulikt andre bygder på den tida, Voss var ei bygd i framgong. Her var utanom jordbruk mellom anna skiferdrift og jernbane. Banken vart bygd sin bank, og har vore det sidan. Elles har sparebankar dei seinare åra vorte nedlagte i stor grad i resten av landet. I dag er banken rangert som den tredje beste i landet! Dei ti siste åra har banken til dømes ytt 125 mill. til almennyttige formål på Voss. Han fortalde også om Steffens-sedlane som vart trykte opp her like etter krigsutbrotet i 1940..

Kort orienterte han så om vanlege banktenester for eldre, og om at vi der kan få snakke med rådgevar gratis om økonomiske problem vi måtte ha.

Før kaffi-økta song vi ”Hvem kan segla forutan vind”.

### Årsmøtet:

Val av møteleiar: Ragnhild.Mølster Lidal

Val av to referentar: Gunnar Vikan og Astrid Skiple.

Val av to personar til teljekorpset: Torstein Gunnarson og Asle Nesheim.

Val av to til å skriva under protokollen: Marit Eidhammer og Svanhild Grove.

**Årsmeldinga** for 2017 ved leiar Ragnhild Mølster Lidal.

**Revidert og godkjent rekneskap** for 2017 ved kasseraren Ivar Lindland.

**Val ved valkomiteen leia av Marta Lindland:**

- Leiar for eitt år, attval Ragnhild Mølster Lidal.

- Tre styremedlemmer på val for to år. Gunnvor Børsheim Lindland og Berly Mjøs Giljarhus tok attval, Gunnar Vikan ynskjer ikkje attval Oddvar Skjefstad.vart vald som nytt styremeldlem
- Dei tre varamedlemmene Ingebjørg Reisetor Skorpen, Torunn Langmyhr Ringheim og Asle Nesheimtok alle tok attval.
- Revisor Gunnar Grove og vara Arve Sjøgaard tok attval.

#### **Val til valkomite v/styret:**

- Brita Dalsbotten Glimme, 2 år att.
- Ole Kristian Agerlie, 1 år att.
- Marta Lindland, på val, tok attval.
- Laila Røthe, vara, på val, tok attval.

#### **Lokallagskontingenten for 2018.**

- Kontingenten for 2018 vert ikkje auka.

#### **Saker frå medlemmer:**

Ingen saker frå medlemmer.

#### **Saker frå styret:**

Landsmøtet i Trondheim sist sommar vedtok å heva den sentrale kontingenten med kr 30. Kontingenten for 2019 blir auka med kr 30.

#### **Årsmøtet er gjennomført.**

Ragnhild Mølster Lidal retta så takk til valkomite, til Marta Lindland for å ha teke attval, og til Gunnar Vikan som no går ut av styret. Til sist takk for tillit, og for godt samarbeid i styret i året som gjekk.

#### **Vidare planer for 2018.**

Sommartur. Det blir tur, reisemål ikkje endeleg avgjort.

#### Teatertur og konserttur.

Tur til Bergen for å sjå ”Kristin Lavrandsdatter” 6. mars. Alle 50 billettane er tinga, pluss venteliste.

Nytt i år er festspelkonserten 24. mai i Grieghallen der vi kan høyra *Berlios* sin *Grande messe des morts*. Me har 30 billetter. Buss går frå Idrettshallen kl. 16.30, konserten startar kl 19.30 og varar ca 1t 30min. Pris 750 kr. Frist for påmelding 14. mars.

#### **Diverse.**

- Alle saker frå oss til kommunen skal gå gjennom Seniorrådet.
- Gunnvor Børsheim Lindland eller andre i styret tek gjerne imot meldingar om nyleg pensjonerte som kan verta nye medlemmer hos oss.
- Om ein byter adresse; send melding til Ivar Lindland/ein annan i styret.
- Ivar Lindland ynskjer fleire e-postadresser, det minkar portoutgiftene våre.

Ragnhild Mølster Lidal takka så for frammøtet og ynskte vel heim.

Referentar:

Gunnar Vikan

Astrid Skiple

Protokollen underskriven av:

Marit Eidhammer

Svanhild Grove